
Fra: Postmottak Meland
Sendt: 27. oktober 2016 12:47
Til: Ingvild Kirsti Hjelmtveit; Øyvind H Oddekalv; Kari Anne Iversen; Mette Marei Træland; Reidun Elin Johannessen
Emne: VS: Invitasjon til utviklingsprogrammet Den gode barnehage- og skuleeigar

Oppfølgingsflagg: FollowUp
Forfaller: 27. oktober 2016 18:46
Status for flagg: Fullført

Fra: Anne-Karin Løken [<mailto:anne-karin.loken@ks.no>]

Sendt: 27. oktober 2016 10:44

Til: Hordaland fylkeskommune; Bergen kommune; Etne kommune; Sveio kommune; Bømlo kommune; Stord kommune; Fitjar kommune; Tysnes kommune; Kvinnherad kommune; Jondal kommune; Odda kommune; Ullensvang kommune; Eidfjord kommune; Ulvik herad; Granvin herad; Voss kommune; Kvam herad; Fusa kommune; Samnanger kommune; Os kommune Hordaland; Postmottak Austevoll; Sund kommune; Fjell kommune; Askøy kommune; Postmottak Vaksdal; Postmottak Modalen; Post Osterøy; Postmottak Meland; Øygarden kommune; Postmottak Radøy; Postmottak Lindås; Post Austrheim; Postmottak Fedje; Post Masfjorden kommune

Kopi: Fylke Hordaland; Fylke Sogn og Fjordane; Helene Arholm

Emne: Invitasjon til utviklingsprogrammet Den gode barnehage- og skuleeigar

Vi ber om at e-posten blir vidaresend til: Ordfører, rådmann, kommunalsjef, skulesjef, barnehagesjef, oppvekstsjef, HR-/personalnettverk.

KS, Fylkesmannen, Hordaland fylkeskommune, Glød- og Gnist-nettverka
inviterer kommunane til
**utviklingsprogrammet Den gode barnehage- og skuleeigar
2017–2018**

Stad: Bergen

Målgruppe: Ordfører, rådmann, kommunalsjef, skulesjef, barnehagesjef, oppvekstsjef, HR-/personalnettverk.

Korleis kan kommunane og fylkeskommunen saman utvikle eit heilskapleg opplæringsløp for alle barn og unge, slik at vi som samfunn lukkast med formålet i barnehagelova og opplæringslova? Lovene seier at "opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring".

Korleis kan vi som barnehageeigarar og ansvarlege for tilbodet i barnehagane, fremje gode kvalitetsbarnehagar der born trivst og utviklar seg i tråd med sine føresetnader?

Korleis kan vi som skuleeigarar fremje opplæring med faglege, kulturelle og sosiale kvalitetar, som gir elevane meistring, læring og eit godt sjølvbiletet i eit helsefremjande miljø - der fysisk og psykisk helse inngår som ein naturleg del av heilskapen?

Vi kan berre lukkast dersom politisk eigarskap er basert på kunnskapsbaserte fakta og samhandling med andre partar i barnehage og skule, - for felles mål.

Programmet "Den gode barnehage- og skuleeigar" er eit tiltak for å realisere måla i KS sin eigarstrategi for barnehage og skule. Programmet skal også betre føresetnadene til å gjennomføre nasjonal barnehage- og utdanningspolitikk.

Programmet går over tre samlingar med ei erfaringsamling i etterkant.

1. samling: 23.-24. mars 2017 – Grand Hotel Terminus, Bergen

2. samling: 3.-4. oktober 2017 – stad ikkje fastsett

3. samling: våren 2018

Erfaringsamling: våren 2019

Meir informasjon og høve for påmelding finn du her: <http://www.ks.no/kalender/hordaland-den-gode-barnehage--og-skuleeigar/>

Merk: Ved påmelding forpliktar ein seg til å delta i heile utviklingsprogrammet.

Påmelding: 15. desember 2016

Med venleg helsing

Anne-Karin Løken

Konsulent region Vest-Norge
Consultant

E-post E-mail: anne.karin.loken@ks.no

Telefon Phone: (+47) 24 13 26 00

Mobil Cellular: (+47) 95 48 80 99

<http://www.ks.no>



KOMMUNESEKTOREN SIN ORGANISASJON
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities